



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 12. april 2016 kl. 09.00 – 12.15
Stad: Møterom Vest, Rådhuset
Tilstade: Peder Jøsendal (leiar), Kåre Helge Østrem, Kåre Mestad (vara for Rolf Henning Hegland), Sissel Bjørke (vara for Rebecca Duesund Fjeldsbø)
Forfall: Rolf Henning Hegland (nestleiar), Rebecca Duesund Fjeldsbø og Anne Kristin Tønning
Innkalla: Økonomisjef Janne Sund
Frå revisjonen: Espen Hordvik og Bjarne Ryland
Sekretær: Tonje Husum Aarland

17/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

18/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 15.03.16 er godkjent. Kontrollutvalet ber om at møteutskrifta også vert sendt ut saman med sakpapira til kvart møte.

19/16 Skriv og meldingar

- Skatteetaten – Kontrollrapport 2015, Skatteoppkrevjarfunksjonen for Meland kommune
- Nordhordland kemnerkontor – Årsrapport og årsrekneskap 2015
- Økonomisk oversikt – kontrollutvalet

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

20/16 Uttale til årsrekneskapen for 2015

Saksvedlegg: Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding og revisjonsuttale

Økonomisjef møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2015, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok å gi slik uttale til kommunestyret om Lindås kommune sin årsrekneskap for 2015:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Lindås kommune for 2015, samt årsmeldinga frå rådmannen, revisjonsmelding og revisjonsrapport.

Årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar er etter kontrollutvalets syn klar og oversiktleg. Årsmeldinga som inneheld dei lovpålagte krava gir god oversikt.

Kontrollutvalet har nokre kommentarar til rekneskapen og årsmeldinga:

Økonomisk resultat

Netto driftsresultat er pluss 36,3 mill. kr. Det er 9 mill. kr lågare enn i 2014, men 1,4 mill. kr betre enn budsjettert.

Driftsinntektene viser ein auke på 2 %, mens driftsutgiftene har ein auke på 1,9 %. Lønnsutgiftene aukar med 3,2 %. Dette er i nær lønnsauken.

Avvik i høve til budsjett - skjema 1A og 1B

I forskrift om årsrekneskap og årsmelding § 10 er det eit krav at vesentleg avvik i utgifter i høve til budsjett skal gjerast greie for.

Samla sett for tenestoområda er der eit mindreforbruk på 19,6 mill. kr. Tenestoområda pleie og omsorg har det største mindreforbruket på 4%, mens oppvekst og plan, samfunn og utvikling har eit mindreforbruk på 1,2 %. Helse og sosial har eit overforbruk med 1,9 %. Avvika er gjort greie for i årsmeldinga.

Avvik i høve til budsjett - skjema 2A og 2B

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der ein del større avvik i høve til vedtekte budsjett. Fleire prosjekt har lågare investering enn det som var utgangspunktet i det opphavlege budsjettet, men desse er stort sett tilpassa i budsjettendringane. Totalt var det opphavlege investeringsbudsjettet 188 mill. kr, og det reviderte budsjettet var på 109 mill. kr. Dei totale investeringane vart 105 mill. kr.

Til vatn og avløp er der langt lågare investeringar enn budsjettert. Kontrollutvalet er uroleg for at investeringane ikkje føl dei planane som er fastlagt innafor vatn og avløp, då dette har skjedd over fleire år.

Kommunestyret si løyving til investering er eittårig og ikkje årsuavhengig. Dette er presisert i brev 07.04.10 frå Kommunal og regionaldepartementet til NKRF. I brevet står det mellom anna følgjande:

- Investeringsbudsjettet er eittårig, og ikkje årsuavhengig.
- Årsbudsjettet er bindende for underordnete organer, og årlige bevilgninger er nødvendig for å kunne pådra kommunen eller fylkeskommunen utgifter i budsjettåret. Investeringsbudsjettet må reguleres ved behov for å tilfredsstille lovens krav til balanse, realisme mv.



Kontrollutvalet ser det som naudsynt at dagens praksis vert vurdert opp i mot dei krava som er sett i brevet frå Kommunal- og regionaldepartementet. Årets budsjett må vere realistisk med omsyn til forventta framdrift/ressursbruk til prosjekta.

Noter

I ein førebels standard frå Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS) står det følgjande i KRS nr 6:

"Noter er opplysninger som skal gis i tillegg til driftsregnskapet, investeringsregnskapet, balansen og økonomiske oversikter. Notene skal gis som en særskilt del av årsregnskapet og bidra til å øke regnskapsbrukerens forståelse og vurdering av regnskapet. Alle noter skal ha klar henvisning til de poster i regnskapet som blir kommentert."

Note 12 – sjølvkost – kontrollutvalet registrerer at fonda på vatn no byrjar å minke, mens fond for avløp har auka. I 2014 auka desse fonda relativt mykje og det vart også peika på for rekneskapen i 2013. Fond for vatn pr. 31.12.15 er på totalt 5 899 000 kr. Fond for avløp pr. 31.12.15 er på totalt 5 919 921 kr, som er ei auke på 1 165 386 kr frå 2014. Fonda er store og dei må nyttast innan 5 år frå dei oppstod.

Kontrollutvalet ser ikkje at det er hensiktsmessig å auke desse fonda, og har merka seg at gebyraukainga i 2016 ligg på 5 – 10 % for vatn og avløp. Det er viktig at sjølvkostprinsippet ligg til grunn for fastsetting av kommunale avgifter.

Årsmelding

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard. Årsmeldinga gjer greie for desse områda.

Årsmeldinga skal og innehalde opplysningar om dei tiltak som er starta for å sikre god internkontroll. Dette bør i større grad gjerast greie for i årsmeldinga.

Revisjon

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet vil følgje opp revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten og har merka seg at kommunen har gjort eit godt arbeid med skriftlege rutinar for internkontroll.

Kontrollutvalet har også merka seg utbyte frå Lindås Tomteselskap og tilrådinga frå revisjonen.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 05.04.2016 og revisjonsrapport nr. 11 datert 05.04.2016, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Lindås kommune for 2015.



21/16 Oppfølging av selskapskontroll i 2015 – Lindås Tomteselskap AS

Saksvedlegg: Særutskrift frå møtet i kontrollutvalet 17.03.2015 sak 14/15

Selskapskontroll – Lindås Tomteselskap AS – rapport frå revisjonen

Økonomisjef Janne Sund la fram orientering frå rådmannen om oppfølging av selskapskontrollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa. Vidare oppfølging av saka i kontrollutvalet vert våren 2017, då eigarskapsstrategi skal vere på plass.

22/16 Revidering av møteplan for kontrollutvalet 2016

Saksvedlegg: Møteplan for kontrollutvalet 2016

Møteplanen vert vedtatt med atterhald om endringar, og møter kan flyttast etter avtale med leiar. Forslag til endringar av møtedato vert tatt opp med sekretariatet/leiar og formidla vidare til kontrollutvalet. Møteplanen kan reviderast i løpet av året ved behov.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok møteplan for kontrollutvalet for 2016 slik den no ligg føre.

23/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

24/16 Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt.

Neste møte i kontrollutvalet er 1. juni kl. 09.00.



LINDÅS KOMMUNE

Knarvik 12.04.2016

Peder Jøsendal

Peder Jøsendal, leiar

Tonje Husum Aarland

Tonje Husum Aarland, sekretær